

Trygg skøyteis på Fjellandsbøvatnet!

02.01.2009



Natt til fredag var det åtte minusgrader øverst i Uskedalen og isen på Fjellandsbøvatnet vart trygg og innbydande.

Det var dermed ikkje naudsynt å hjelpe naturen med meir sprøyting slik dei gjorde dagen før ved bruk av utstyret til branntroppen i bygda.

Området som vart sprøyta var fredag særleg innbydande, med blank og fristande stålis.
Ved 12-tida var rundt rekna 25 unge og eldre i aktivitet på isen og hvis veret blir brukbart ligg det an til ei stor skøytehelg.

Men verutsiktene er noko varierande - det går rykte om både snø og varmegrader...
På biletet gjer Bjørg Inga og dottera Anita Miljeteig, som bur eit steinkast frå vatnet, seg klar til vinterleg aktivitet fredag føremiddag.

(Foto: Ola Matti Mathisen)